

## 1 Behald Stad Skipstunell i Statsbudsjettet 2023!

2 Stad skipstunell er eit arbeid som har vore omsnakka heilt sidan 1900-talet, nærmare var  
3 første artikkel om ein tunell alt i 1874. I følgje Statsbudsjettet til Regjeringa for 2023 er det  
4 no kome støtte til dette arbeidet. Men dette kan bli sett ein stoppar for, på grunn av det  
5 alternative budsjettet SV har lagt fram. Dette kan vi ikkje ha noko av!

6 Denne tunellen er lokalisert i Ytre Nordfjord, frå Kjødepollen i Vanylvsfjorden, til Eide i  
7 Moldefjorden. Tunellen er planlagt til å bli ca. 2 km lang, og den skal bli stor nok til å kunne  
8 romme skip på størrelse med Hurtigrutefartøyet MS Midnattsol, som er i overkant av 16 000  
9 bruttotonn. Tunellen er også verdas første skipstunell, og dette har vist stor internasjonal  
10 interesse.

11 Grunnen til at denne tunellen vart planlagt var at fleire båtar har forlist på Stadhavet grunna  
12 ekstremvær. No har det kome til det punktet at båtar ikkje kan segle forbi Stadtlandet for å  
13 levere varane sine, på grunn av været. Dette ekstremværet på Stadtlandet er ein blanding av  
14 vind, straumar og bølger, noko som då gjer at sjølv om stormen er over, blir ikkje havet stilt  
15 før fleire dagar etter.

16

### 17 **Senterungdommen meiner difor:**

18 Regjeringa må stå på sitt angående støtta som har gått til dette prosjektet. Det er no vi skal  
19 stille oss bak både kystverket og andre, støtte dei i ryggen og sei det at regjeringa har utsett  
20 dette arbeidet lenge nok og det er på tide at noko godt skjer.

21 Tunellen fører til positive verknadar, som for eksempel moglegheit for hurtigbåt mellom  
22 Bergen og Ålesund, noko som knyt Vestlandet saman i sjøvegen.

23 Når tunellen kjem blir dette ein positiv faktor for både næringsliv/ industri, turisme og ikkje  
24 minst det lokale aktørar.

25 Tunellen kjem til å føre godt med for fiskerinæringa for den vil blant anna redusere  
26 skipsulykker, som igjen vil redusere verditap og ventetid for skipsfart.

27

28 *Resolusjon innsendt av Sogn og Fjordane senterungdom og Mo Senterstud.*